

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTET I GJERSTAD HISTORIELAG 29. MARS 2008 KL 17 PÅ GJERSTAD OMSORGSSENTER

Leiar Helge Dalen ønska velkomen til møtet. Det var om lag 90 personar som hadde møtt opp. Dei fleste av dei var medlemmer.

Møtet blei starta med at Helge Dalen las minneord over Andreas Vevstad som døde sist haust. Forsamlinga heidra Andreas med eit minutt stille.

Deretter gjekk møtet over til å handsame årsmøtesakene.

Sak 1. Godkjenning av innkalling. Det var ingen kommentarar, og innkallinga blei samrøystes vedteke.

Sak 2. Val av møteleiar. Helge Dalen blei vald.

Sak 3. Val av referent. Kåre Dalane blei vald.

Sak 4. Val av to til å underskrive protokollen. Nils Korshavn og Olav Rønningen blei valde.

Sak 5. Årsmeldingar.

- a. Årsmelding for Gjerstad Historielag. Årsmeldinga blei referert av leiar Helge Dalen. Det var ingen kommentarar, og årsmeldinga blei samrøystes vedteke.
- b. Årsmelding for Ivar Byholts samlingar – Øvre Røed. Formann i styret for Øvre Røed, Svein Brekka refererte årsmeldinga. Den blei samrøystes vedteke.

Sak 6. Rekneskap.

- a. Rekneskap for Gjerstad Historielag. Kasserar Olav Vevstad refererte rekneskapen, og gjorde greie for dei ulike postane. Samrøystes vedteke.
- b. Rekneskap for Ivar Byholts samlingar – Øvre Røed. Olav Vevstad har også ført dette rekneskapet, og han refererte det. Samrøystes vedteke.

Sak 7. Val. Valkomiteen har hatt denne samansettjinga: Astrid Moe, Ida Brokeland, Olav Ulltveit-Moe. Olav Ulltveit-Moe leia valet:

- a. Val av leiar. Helge Dalen blei samrøystes vald.
- b. Val av tre styremedlem. Kåre Dalane og Olav Vevstad er på val, og ønska ikkje å fortsettje. I staden for dei har valkomiteen gjort framlegg om at Karen Aamli og Olav Brokeland blir nye styremedlemer. Dei blei

samrøystes valde. Styremedlem Mari-Anne Bjordam Rønningen er på val, og er villig til å fortsettje. Ho blei vald samrøystes.

- c. Val av vararmedlem. Tre av varamedlemene, Bjørg Fone, Wenche Valle og Ingrid Grunnsvoll stiller til attval. Dei blei samrøystes valde. Anders Moe har bede om avløysing, og komiteen føreslår Ragna Lunden. Ho blei vald samrøystes.
- d. Val av revisor. Etter å ha vore revisor i ei årrekke har Astrid Haugen Gustavson bede om avløysing. Som ny revisor blei Jan Olav Olsen vald samrøystes.
- e. Valkomité. Ida Brokeland er på val, men har sagt seg villig til å stille for eitt år til. Ho blei vald samrøystes.

Etter dette er styret i Gjerstad Historielag som følgande:

Leiar: Helge Dalen

Styremedlem: Kristen Flaten, Odd Tore Flåta, Mari-Anne Bjordam Rønningen, Aud Ragnhild Bjellås, Karen Aamli og Olav Brokeland.

Varamedlemer: Bjørg Fone, Wenche Valle, Ingrid Grunnsvoll og Ragna Lunden.

Leiar Helge Dalengav blomster til dei som gjekk ut av styret, og til Aud Flaten som har gjort ein stor innsats i redaksjonen av "Før i tida..." Olav Vevstad fekk ei fin knivgreie laga av Odd Tore Flåta. Dette var ein velfortent takk for ein stor innsats som kasserar og distributør i 10 år.

Med dette var den formelle delen av årsmøtet slutt.

No fekk Halvard C. Hansen ordet. Han er kjent som journalist og spaltist i Dagbladet, og seinare som kåsør i NRK. Han fortalte historier frå Gjerstad og Vegårshei, og framheva verdien av den munnlege forteljartradisjonen. Han understreka dette med eit utval av historier som ikkje passa på trykk.

Deretter blei det pause. Det var mat, loddsal, boksal og mykje skroll.

Etter pausen fekk Ånon Egeland sleppe til. Han presenterte opptak av vokal og instrumental musikk frå Gjerstad som dei færraste hadde høyrte før, og fortalde om den musikktradisjonen som me høyrer heime i. Deretter var det konsert på flatfele og hardingfele med musikk frå Gjerstad.

Møter var slutt om lag kl 21.15.

Referert v/ Kåre Dalane

---

Nils Korshavn

---

Olav Rønningen